

Meland kommune
Kommunalavdeling for natur, næring
og tekniske tenester
v/Tore-Inge Bratteteig

tore-inge.bratteteig@meland.kommune.no



Alsaker Fjordbruk AS
5694 ONARHEIM
Telefon : 53 43 01 00
Telefax : 53 43 01 01
Dir. tlf. : 53 43 01 09
Mobil : 99 210109
Org. nr. : 979 494 009
www.alsaker.no

Dykkar ref. : Tore-Inge Bratteteig

Vår ref. : Ove Gjerde

Dato : 27.03.2014

Salar Bruk AS

Søknad om ny generell dispensasjon til bruk av motorfartøy i Rylandsvassdraget i Meland kommune for året 2014. Logg motorferdsle 2012

Dokument (vedlagt)

1. Loggskjema 2012 Bruk av motorbåt i Rylandsvassdraget

Bakgrunn

Oversyn av bruk 2012

Salar Bruk fekk i delegasjonssak Komm.avd. for natur, næring, tekn.tenester, sak 018/12 generell dispensasjon til å nytta motorfartøy i Rylandsvassdraget for året 2012.

Løyvet vart m.a. gjeve på vilkår av at det skulle først logg over tal turar og timar som motorfartøy vart brukt, samt at dette skulle rapporterast til kommunen.

Frå loggboka finn ein;

I den aktuelle tida har verksemda nytta open båt med elektrisk motor totalt 5 gonger på Rylandsvatnet.

Varigheita på tiltaka har vore mellom ein ½ til 1 time per tur og er utført i samband med kontroll/justering av m.a. inntaksleidningsarrangementet.

Søknad om generell dispensasjon frå lokal forskrift

Kommunestyret har i møte 25.03.2009, sak 38/09 vedteke *Forskrift for bruk av motorfartøy i Rylandsvassdraget*.

Den lokale forskrifta byggjer på §§§ 4, 5 og 6 i *Lov om motorferdsle i utmark og vassdrag av 10. juli 1977, nr.82*.

Forskrifta set strenge føringar til bruk av motorferdsle i Storavatnet, Bjørndalsvatnet og Rylandsvatnet, når den aktuelle aktiviteten ikkje er heimla i *Lov om motorferdsle i utmark og vassdrag*.

I § 5 i den lokale forskrifta finn ein m.a.;

I medhald av § 6 i Lov om motorferdsle i utmark og vassdrag kan kommunen gjeva løyve til bruk av motorfartøy etter søknad. Løyvet kan gjevast for eit bestemt høve eller tidsrom. Meland kommune kan setje vilkår for løyvet.

Settefiskanlegget Salar Bruk er ein viktig aktør i Rylandsvassdraget og me ser positivt på at det vert sett i verk tiltak som er skisserte i Forvaltningsplanen, der vassdraget m.a. skal sjåast på som "fredfullt".

Salar Bruk har installasjonar (leidningar, demningar/overlaup, målestavar m.m.) i vassdraget, og for at desse til ei kvar tid er operative, er ein heilt avhengig av m.a. ulike kontrollfunksjonar.

For å utføra denne delen av drifta, er det viktig å kunna nytta båt med motor, for på ein rasjonell måte kunna utføra turvande gjeremål/service m.m.

Det kan også oppstå akutte situasjonar, brekkasjar på installasjonar som er knytt til drifta av anlegget, samt andre nødvendige tiltak med drifta av anlegget, som må gjennomførast. For å avbøta og utbetra slike situasjonar, kan det ofte vera trong for raske aksjonar for å nå fram til aktuell stad/tiltak.

Bruk av båt med motor til transport av personell, utstyr m.m. for å avgrensa moglege skader eller utføra planlegde tiltak, vil vera heilt avgjerande.

Alsaker AS

Alsaker
Fjordbruk AS

Bjøve
Bruk AS

Bolstad
Bruk AS

Fjelberg
Fjordbruk AS

Fjon
Bruk AS

Igland
Bruk AS

Nordsjø
Fjordbruk AS

Onarheim
Bruk AS

Rogeland
Fjordbruk AS

Røvær
Fjordbruk AS

Salar
Bruk AS

Sunnhordland
Fjordbruk AS

Toftøy
Fjordbruk AS

Tveit
Brygge AS

Tysnes
Brygge AS

Tysnes
Fjordbruk AS

Viking
Fjord AS

Ølve
Bruk AS

Åmøy
Fjordbruk AS

Me vel å tru at ovannemnde tiltak i ei eller anna form, vil vera så pass avgjerande for både den tekniske drifta av anlegget og trygging av viktige arbeidsplassar i kommunen, at det kan gjevast turvande dispensasjon frå forskrifta, slik det m.a. vert skissert i § 5 (jamfør *særlege grunnar* i § 6 i den sentrale lova).

I samarbeid med kommunen vil det vera mest praktisk at eit eventuelt løyve til bruk av motorfartøy kan gjelda for eit lengre tidsrom.

For inneverande år søker me med dette om løyve til bruk av motorfartøy frå dd og fram til 31.12.14.

Me vonar på ei rask og positiv attendemelding!

Skulle det vera trong for ytterlegare opplysningar, kan De ta kontakt med underteikna.

Vensam helsing
Aisaker Fjordbruk AS/Salar Bruk AS



Ove Gjerde
Samfunnskontakt
ove.gjerde@fjordbruk.no

Kopi: Driftsleiar Helge Daae

Tore Inge Bratteteig

Fra: Ove Gjerde <Ove.Gjerde@fjordbruk.no>
Sendt: 27. mars 2014 08:54
Til: Tore Inge Bratteteig
Kopi: Helge Daae; Knut Ådlandsvik
Emne: SV: Salar Bruk Søknasd om bruk av motorfartøy i Rylandsvassdraget 2014, samt logg 2012
Vedlegg: SBR Båt Rylandsvatnet Logg 2012.pdf
Viktighet: Høy

Tore-Inge

Sende feil logg, her er den frå 2012.
Som du ser, så har me lista oss ut nokre gonger i 2013 også Vonar det er ok?
Ove

Med venleg helsing	Alsaker Fjordbruk AS	Tel:	+ 47 53 43 01 09
	Alsaker Brygge	Mobil::	+ 47 99 21 01 09
Ove Gjerde		Fax:	+ 47 53 43 01 01
Samfunnskontakt	N-5694 ONARHEIM	E-post:	ove.gjerde@fjordbruk.no



www.alsaker.no

Fra: Ove Gjerde
Sendt: 27. mars 2014 08:46
Til: 'tore.i.bratteteig@meland.kommune.no'
Emne: VS: Salar Bruk Søknasd om bruk av motorfartøy i Rylandsvassdraget 2014, samt logg 2012
Viktighet: Høy

Tore-Inge
Fekk feilmelding, prøver på nytt!

Ove

Med venleg helsing	Alsaker Fjordbruk AS	Tel:	+ 47 53 43 01 09
	Alsaker Brygge	Mobil::	+ 47 99 21 01 09
Ove Gjerde		Fax:	+ 47 53 43 01 01
Samfunnskontakt	N-5694 ONARHEIM	E-post:	ove.gjerde@fjordbruk.no



www.alsaker.no

Fra: Ove Gjerde
Sendt: 27. mars 2014 08:38
Til: 'tore-inge.bratteteig@meland.kommune.no'
Kopi: Helge Daae; Knut Ådlandsvik
Emne: Salar Bruk Søknasd om bruk av motorfartøy i Rylandsvassdraget 2014, samt logg 2012
Viktighet: Høy

Hei Tore-Inge

Nådde deg ikkje på kontortelefonen og ville ikkje «plaga deg» på mobilen, du var attende på måndag fk.

Vedlagt vår søknad som gjeld motorferdsle 2014, samt logg frå siste løyve 2012.

Gir du ein lyd om mottak? Ring om det er noko du lurar på.

Ove

Med venleg helsing	Alsaker Fjordbruk AS	Tel:	+ 47 53 43 01 09
	Alsaker Brygge	Mobil::	+ 47 99 21 01 09
Ove Gjerde		Fax:	+ 47 53 43 01 01
Samfunnskontakt	N-5694 ONARHEIM	E-post:	ove.gjerde@fjordbruk.no



www.alsaker.no